Nærøyfjorden verneområdestyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3129
sfvlpost@statsforvalteren.no
https://www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Maren Susanne Loven
Skjerdalsvegen 42 A
5745 Aurland

Saksbehandlar Anbjørg Nornes **Vår ref.** 2022/8694-0 432.2 **Dykkar ref.** **Dato** 28.06.2022

Delegert vedtak

Delegasjonssak	**14/2022**

Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Håvasete - helikoptertransport av utstyr og proviant

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Nærøyfjorden verneområdestyre 30.11.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Maren Loven løyve til a landing på stølen Håvasete i Nærøyfjorden landskapsvernområde for transport av utstyr og proviant til stølshuset. Transporten gjeld for perioden 8. august til 30. september 2022.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.3 og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av utstyr og proviant stølshuset.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftslilv.
- Det bør ikkje flygast på søndagar av omsyn til friluftsliv.
- Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Transporten skal samordnast med eventuell anna transport i området.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport om transporten til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.11.2022.

Denne søknaden er berre handsama etter verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det må i tillegg sendast søknad til Aurland kommune om løyve etter motorferdselova.

Dokument i saka

- Søknad frå Maren Loven om motorisert ferdsel til stølen Håvasete, datert 21.06.2022

Søknaden

Maren Loven har stølshus på Håvaste i Aurland kommune. Ho er i gang med vedlikehaldsarbeid i stølshuset, og søkjer om ei landing på Håvaste for transport av utstyr og proviant til stølshuset.

Transportruta er frå Nese i Aurland til Håvasetet. Det er søkt om ei landing i perioden frå 8. august til 30. september 2022.



Posisjoner:
Latitude: 60,9149626961612 Longitude: 7,18937601777725
Latitude: 60,8803449345832 Longitude: 7,0898493466666

Figur 1Transportruta, kopi frå søknad

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av planteog dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsle, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Håvasete ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og er stølen til garden Nese i Aurland kommune. Det er 4 ståande bygningar på stølen, og fleire tufter med murar etter gamle stølshus. To av bygningane er mursel. Stølshusa vert i dag nytta i samband med jakt og anna fritidsbruk. Stølshuset til Maren Loven er ein bygning i tre som er sett opp i nyare tid. Det er trong for innvendig vedlikehald av stølshuset. I verneforskrifta er det ikkje reglar om innvendig vedlikehald av bygningar, og det er difor ikkje eit søknadspliktig tiltak. For å transportera materiale til stølshuset på Håvasete er det naudsynt med helikoptertransport. Verneområdeforvaltninga kan gje løyve til dette transportføremålet, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Verneområdestyret gav løyvet til tilsvarande transport i 2020 og 2021. Forvaltar vurderer difor denne saka som ei kurrant sak som kan handsamanst som delegert vedtak. Det er positivt av stølshusa vert sett i stand, og denne transporten vert rekna som naudsynt transport.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden. Det er ikkje registrert trua eller sårbare artar eller naturtypar (Naturbase 28.06.2022) som vil verta sterkt påverka av landinga på Håvasete utanom villrein. Stølen ligg innanfor Raudafjell villreinområde, og området er markert som vårbeite for villrein. Transport frå august og utover hausten er utanfor den mest sårbare tida for villreinen, og vil såleis vera til mindre skade for villreinen. Flygeruta er frå Nese og inn dalen til Håvasete. Dei må ikkje flyga innover fjellområda der villreinen for det meste oppheld seg, for å koma til Håvasete. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga ynskjer å praktisera reglane i landskapsvernområdet på ein måte som held motorferdsla på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet. Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml § 10. Helikoptertransport må avgrensast til det som er naudsynt. For å redusera belastninga av motortransport i området, vert søkjar oppmoda om å samordna med andre dersom det er anna transport i området. Det

er pr. i dag ikkje gitt løyve til anna helikoptertransport i dette området med unntak av uttransport av felt storvilt under jakta, og kontroll i samband med tiltak mot CWD-smitte. Forvaltar vurderer den samla belastninga av motorferdsle i Nærøyfjorden landskapsvernområde til å vera på eit akseptabelt nivå.

Nml § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Stølsstien til Håvasete går frå Fronnes opp Frondalen. Det er berre frakt med helikoptertransport som er mogleg transportmetode for frakt av materiale og større mengder proviant og utstyr til dette området. I retningslinjene i forvaltningsplanen er helikoptertransport av materiale og større mengde proviant og utstyr til stølar (avsidesliggjande) trekt fram som tiltak det kan gjevast løyve til. Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg transport på ein slik måte at transporten vert avgrensa til færrast mogleg turar og dagar. Det må planleggast for transport av større mengde proviant. Årleg transport av proviant med helikopter er ikkje i tråd med retningslinjene i forvaltningsplanen. Forvaltar vurderer helikoptertransport som ein effektiv transportmetode, og den beste måten for transport av materiale til Håvasete på. Transporten vil ikkje gje uro utover den tida flyginga pågår, og vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml § 12.

På bakgrunn av vurderingar etter nml §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar bruk av helikopter til transport av materiale til stølshuset til ikkje å vera i strid med verneforskrifta, og gjev gjeve løyve til transporten.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Køyrebok helikopter, Nærøyfjorden lvo

Kopi til:
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
SNO
Statsforvaltaren i Vestland
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell